



## ULEFOSS ROTARY KLUBB

# REFERAT FRA KLUBBMØTE

| Dato    | År   | Referent  |
|---------|------|-----------|
| 7. juni | 2018 | Liv Sonja |

### Medlemsmøta 31. mai og 7. juni 2018

Referat frå sist medlemsmøte, 31. mai, der regiongeolog Sven Dahlgren snakka om Fensfeltet, («Fakta eller fiksjon?») vil de få tilsendt etter at han har lagt dette fram for sine oppdragsgjevarar. Det er nemleg essensen av funna sine han presenterte for oss, litt før dei som har gitt han oppdraget har høyrt det! Så då så ...

Denne dagen vann Øystein vinen og Hermann fekk napp!

**Møtet den 7. juni:** Desse møtte: Irene (for president Ola som var på presidenttreff), Per H, Ola Gaute, Øystein, Anders, Hermann, Mathias, Knut, Einar og Liv Sonja.

Då foredragshaldaren bakka ut i siste liten, var det duka for arbeidsmøte. Irene snakka om dagen i dag; Unionen med Sverige tok slutt i 1905. Ho nemnde alle dei som hadde hatt bursdag i mai og hittil i juni, og dei vart det applaudert for.

1. Presidentskiftet 21.juni vert hos Liv Sonja på Søve. Me diskuterte alt det praktiske rundt arrangementet; mat, drikke og klappstolar!
2. Innkommende president: Dersom ingen av dei "gamle" medlemmene vil ta denne utfordringa, vert nokon utpeika til oppgåva. Kanskje me treng å gå tilbake til gamal ordning der løpet mot president starta med å vere sekretær første året, innkommende andre året, og så president det tredje?
3. Komiteane frå hausten av; Folket må tenke gjennom kva for komité dei vil vere i, skifte eller fortsette? Forslag så langt: Monika inn i internasjonalt arbeid saman med Einar og Kolbjørn, Hans Petter leiar festkomiteen.
4. Prosjektarbeid frå hausten av: Skal me "henge oss på" andre? Det genererer mest pengar. Einar spør Rotenburg kva prosjekt dei er i gang med, og me diskuterer om det er noko for oss å vere med på. Erfaring viser at danskane ikkje er like ryddige når det gjeld samarbeid. Men me må i gang med noko nytt, saman med nokon eller aleine. Me risikerer at dei nye medlemmene bakkar ut dersom ikkje noko skjer.
5. Desse reiser til ungdomsutvekslinga i Tyskland den 29. juni: Andrine Stoa Bjerke, Anne Marte Grønstein, Marte Grindheim og Hedda Reinerdatter Osmundsen. Dei treng skyss til Torp!
6. Distriktskonferansen på Lindesnes helga frå 29. august: Irene dreg sjølvsagt, Mathias vert også med. Men me bør sende tre personar. Kan DU tenke deg å vere med på ei helg med interessante folk og møter, og foredrag av ypparste klasse? Sei ifrå!

Det blir heretter muleg å betale med VIPPS. Mathias ordnar. Viktig at me kjøper lodd kvar gong, og har du ikkje småpengar, så kan du jo vippse! Det same gjeld betaling på hyggekveldar og dess like.

Per Sanni er rekonesent etter hjartefarkt, men han kjem på neste møte! Liv Sonja tek med ei flaske vin frå klubben og besøker han.

I kveld vann Olav Gaute vinen og Anders fekk napp!